



Notat

Til:

Saksbehandler: Tenesteområde Plan, utbygging og kommunalteknikk/Laila Bjørge

Vår referanse: 17/2747 - 4 / Gbnr - 48/6, FA - V15, FE - 233

Dato: 17.11.2017

Emne: Rapport frå synfaring i samband med søknad om avlingssvikt

Rapport frå feltkontroll 30.10.2017. Kathrine Skurtveit møtte for bruket og ellers var Kjartan Nyhammer med og underteikna Laila Bjørge. Søkjar gav melding i slutten av august om at veret gjorde at han var uroa for om ha fekk slått, og har etter dette vore jamnleg i kontakt med kommunen.

Tidspunkt for første slått: 29.06.-5.07.2017

Tidspunkt for andre slått: 18.08 + forsøkt fleire gonger i heile september.

Målet for feltkontrollen var å sjå på alt arealet foretaket disponerer og telja rundballar for å få ei oversikt over avlingsnivået. Det er brukt slåmaskin og rundballepresse. Det vert brukt 4 dobbel hjul på traktoren som er 3500 kg . Pressa har 700 hjul – vekt 2600. Pressa og pakkar er to maskiner. Søkjar har tenkt på jord og klima i høve til val av utstyr.

Søkjar driv med mjølkeproduksjon og forar opp ein del ungdyr. I tillegg har han sau av rasen svartfjes. Han oppgjer at han alltid har brukt å ha nok for og fram til for eit par år sidan seldte han ein del grovfor. Dette året reknar han med å måtta kjøpa for mellom 200 -300 000 i grovfor.

Drenering

Det vert leigd jord mange stader i kommunen og det er mange små teigar. I hovudsak er det eldre eng, men søkjar brukar årleg direktesåmaskin til å så i der han ser at det er behov. Mykje av slåtteearealet er myr. Arealet ser i hovudsak ut til å vera i god grøftetilstand, og inntrykket er at grøftene vert tatt der ein ser det er dårleg. Det at avlingsnivået er sopass mykje høgare i normalår er og eit moment som byggjer oppunder inntrykket av at grøftetilstanden er bra. Eit par plassar var det planlagt ytterlegare grøfter, men det er tale om enkelt grøfter. På to bruk (Fosse og Ådland) er det for høg vannstand i bekken som gjer at vatnet ikkje går ned når det er slike somrar som den me har hatt i år.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Gjødsling

Gjødselplanen er ny frå 2017 og denne vart gjennomgått i samband med søknad om produksjonstilskot tidlegare dette året. Det er lagt opp til å nytta husdyrgjødsel på så mange bruk som mogleg med 2 tonn på førsteslått og 1 tonn på andre slått/daa. Døme under syner gjødselslag og gjødselmengde som går att på dei fleste teigar. Konklusjonen er at alt arealet vert gjødsla, og at det er lagt opp til eit forventa avlingsnivå rundt normavling.

1	Myra framføre huset	Eng, 2gj./2sl.		13,0 daa
	Vår	Storfe gjødsel	2 tonn/daa	26,0 tonn
	Vår	Fullgjødsel* 22-2-12	45 kg/daa	585 kg
	Etter 1. slått	Storfe gjødsel	1 tonn/daa	13,0 tonn
	Etter 1. slått	Fullgjødsel* 25-2-6	30 kg/daa	390 kg

Hausting

På noko av areala er det ikkje slått 2.dre slått på grunn av været og kommunen er samd i vurderinga som bonden har gjort om at eit forsøk på å slå ville øydeleggja jordstruktur og grøfter for mange gonger verdien på avlinga.

Avlingsnivå

Kommunen har prøvd å beregna kva som er normal avling på bruket ut frå tal rundballar. Tala vert ikkje heilt nøyaktige fordi arealet har variert noko, men det ser ut som at avlingsnivå ligg om lag på 350-450. Trekk ein i frå dei areala som berre vert beita til vanleg ligg avlingsnivået på 438 f.e+ tillegg for beiting til saman 450 f.e. Det ser difor ut som bruket ligg litt under det som er sett som normavling i forskrifta, men det er ikkje korrigerert for at delar av arealet er overflatedyrka. Når ein reknar med gjennomsnittstal vert avlingsnivå på overflatedyrka høgare enn norm avling, men litt lågare på fulldyrka.

Det er 25 daa fulldyrka og 19 daa overflatedyrka som ikkje er slått 2.dre slått på dette året. Mykje av arealet er myrjord og eldre eng. Ugrastilstand var som normalt i eldre eng på våre kantar, og det var ikkje påfallande mykje. Feltkontrollen vart gjennomført på eit tidspunkt då det ikkje er so lett å sjå på artssamansetning, og bønane som var slått var heller ikkje så lett å vurdere i høve til ugras. Stort sett framstod areala som normalt god drift på våre kantar. Det er stor variasjon mellom teigane og søkjar oppgjev at han meiner å liggja på om lag 470 -500 f.e/daa, men då er det ein del teigar som gjev høgare avling og andre som gjev lågare.

Kommunen har lagt inn eit trekk på tilsaman 15 % for andre faktorar og dette er innbakt i denne. Foranalyser vil verta lagt ved.

Tek ein utgangspunkt i %vis reduksjon i høve til normalår er det 62 % mindre avling enn normalt. (rekneark ligg som vedlegg)

Konklusjon:

Klimaprosentsats er sett til 85, då er det tatt omsyn til at avlingsnivå er lågare enn normavling og at alder på eng, grøftetilstand m.m er ein del av årsaka til avlingstapet.

Rapport frå det enkelte bruk.

25/9 på Fosse (Skråmestø)

Tal rundballar: 23

Mestedelen av arealet var slått på førsteslått, men ingen tilng på andreslått. Ein teig på 1,6 daa er ute av drift, er ikkje søkt på. Arealet er myr.

I 2016 vart det slått 75 rundballar på dette arealet. Forprøvane viser 4,1 til 4,4 kg pr fe, dette gjer eit avlingsnivå på 610/fe daa. (brukt f.e konsentrasjon frå foranalyser)

Vurdering: Det er har vore eit problem at i veldig våte år aukar høgda på grunnvatnet pga terskel i Fosseelva om lag 1 km vekke.

Normalt god eng . I normalår er det likevel mogleg å slå mesteparten for grøftetilstanden er middels god.

Fulldyrka	20
Overflatedyrka	
Innmarksbeite	
Sum	20



40/5 Espetveit (Maaseide)

Tal rundballar: 26

Vurdering:

Arealet i sør er fastmark og sjølv om det er gamal eng gjev den ok avling. Det er første gong dei slår dette året. Arealet i nord gav dårleg avling, dette arealet er fuktig. For begge areala er noko av årsaka til avlingstap dårleg hevd fordi det har vore svak drift nokre år. Dette arealet er nytt i år, men mista eit areal på 10 slik at total areal i drift er nokolunde det same

Fulldyrka	10
Overflatedyrka	15
Innmarksbeite	
Sum	25



**29/2 Hestnes (Rasmussen + Maaseide
6,8 daa – areala grensar til kvarandre**

Totalt 63 ballar , inkludert 7 som vart slått på Maaseide sitt areal (7 daa)

Arealet er slått to gonger, men det vart ein del kjøreskadar.

Vurdering: Normalt god eng, middels grøftetilstand.

Fulldyrka	7
Overflatedyrka	16
Innmarksbeite	
Sum	23




29/3 Hestnes – Kåre Håtuft

Totalt 14 ballar.

Arealet var delvis grøfta i 2016, men det er framleis ei tett grøft. Det vart delvis slått første slått.

Fulldyrka	12
Overflatedyrka	1
Innmarksbeite	
Sum	13




38/1 Refsgard – Magne Rifsgård

Totalt 20 ballar – 4 ballar var kjørt heim.

Gamal eng, i normalt god stand fordi dei til vanleg kjøre direkte såmaskin og sår i raigras kvart år. Avlingsnivået har difor brukt å vera bra. Dette året fekk dei ikkje sådd pga veret. Ikkje mulig med andre slått her.

Fulldyrka	21
Overflatedyrka	11
Innmarksbeite	
Sum	32



36/3 Ådland –Randi Ådland**Totalt 8 ballar**


Gamal eng, i normalt god stand. Delvis slått ein gong. Vannstand i kanal/grunnvatn så høg at det ikkje har vore mulig å koma utpå til andre slått.

Fulldyrka	9
Overflatedyrka	
Innmarksbeite	
Sum	9

**38/1 Refsgard –Bjørng Inger Rifsgård****Totalt 13 ballar**


Gamal eng, i normalt god stand. Grøfta i 2016. Alt vart gjødsla 1 gong, og det som vart slått er gjødsla to gonger. Ein har ikkje hatt beitedyr her, men avlinga er forsvunne utan at det er verken er vorte beita eller slått.

Fulldyrka	23
Overflatedyrka	4
Innmarksbeite	
Sum	27

**43/4 Ryland–Einar Danielsen****Totalt 34 ballar**

Gamal eng, i normalt god stand. Slått 1. ste slått, men lite på 2.dre slått pga av vått.


Fulldyrka	15
Overflatedyrka	6
Innmarksbeite	
Sum	21



47/2 Maghild Danielsen Rossland

Alt arealet vart slått ein gong, og noko to gonger elles beita.
Landbrukskontoret synfarte ikkje desse areala.

Fulldyrka	13
Overflatedyrka	5
Innmarksbeite	
Sum	26


**47/4 Dag Danielsen**

Areal som vert nytta til beite, og ikkje slått.

To slåtter på det fulldyrka

Landbrukskontoret synfarte ikkje desse areala.

Fulldyrka	8
Overflatedyrka	0
Innmarksbeite	5
Sum	13




47/8 Anna Rossland (omfattar og 48/1 på Skurtveit)

Areal som vert nytta til beite er det på Rossland, men det på Skurtveit vert slått

To slåtter på det som vert slått til vanleg

Landbrukskontoret synfarte ikkje desse areala.




Fulldyrka	24
Overflatedyrka	11
Innmarksbeite	24
Sum	60

47/13 Trond Rossland

Areal som vert nytta til beite, og ikkje slått

Landbrukskontoret synfarte ikkje desse areala. andbrukskontoret synfarte ikkje desse areala.




Fulldyrka	6
Overflatedyrka	
Innmarksbeite	5
Sum	11

47/14 Astrid Baug


Areal som vert nytta til beite, og ikkje slått

Fulldyrka	3
Overflatedyrka	
Innmarksbeite	2
Sum	5

**48/3 Bjørg Utkilen**


Areal har vorte slått ein gong, men ikkje mogleg med 2.dre slått her pga for bløtt

Fulldyrka	7
Overflatedyrka	17
Innmarksbeite	10
Sum	34

**48/6 Asgeir Skurtveit**

Areal har vorte slått ein gong, og dei tørraste areala har vore slått 2 gonger. Det har vore prøvd fleire gonger å slå andre slått, men det var rett og slett for bløtt


Fulldyrka	19
Overflatedyrka	3
Innmarksbeite	33
Sum	55



48/7 Tore Røyseth

Slått ein gong.

Fulldyrka	4
Overflatedyrka	10
Innmarksbeite	11
Sum	25

**48/32 Gunnar Olav Skurtveit**

Alt her vert brukt til beite

Fulldyrka	10
Overflatedyrka	0
Innmarksbeite	
Sum	10

**49/12 Bjørn Ove Iden**

9 baller

Areal har vorte slått to gonger, og avlinga var ok

Fulldyrka	5
Overflatedyrka	0
Innmarksbeite	0
Sum	5



Kopi til: